

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018**

Følgjande representantar stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Anne-Beth Njærheim, V, er styremedlem i Bømlo Vegselskap AS.
- Synnøve Solbakken, A, er styreleiar for Bømlo Vegselskap AS.

Njærheim og Solbakken gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne-Beth Njærheim og Synnøve Solbakken var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Anne-Beth Njærheim og Synnøve Solbakken gjekk frå under handlinga av saka. Det var 12 representantar til stades.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Tilbodet frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Bømlo vegselskap AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere aksjekjøpsavtalen med Ferde AS.